



KYSTVERKET

Vest

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Dykkar ref.: Vår ref.: Arkiv nr.: Saksbehandlar: Dato:
2011/3292-30 Lene Røkke Mathisen 16.08.2017

Tilbakemelding på endringar i regional kystsoneplan for Sunnhordland etter høyring

Syner til epost, sendt 4.8.2017, der det vert lagt fram dei endringar som er gjort i kystsoneplanen etter 2. høyringsrunde.

Me er stort sett veldig nøgde med dei endringane som er gjort, då dei i stor grad har tatt høgde for dei innspel me gav i vår fråsegn til avgrensa høyring, datert 31.3.2017, tilleggskommentarar sendt 23.5.2017, samt vårt møte i mai.

Av dei endringane som er gjort har med merknader til vurdering av opplagsområda.

Onarheim: det vert i endringskommentarane sagt at opplagsområdet kjem i konflikt med gyteområde og naturverdiar. Det er i andre tilfelle gjort vurderingar av korleis oppankring av skip og riggar i ein kortare periode eventuelt påverkar gyteområder, og det er ikkje funne noko som tilseier at det er konflikt mellom oppankring og gyting. Området er ein del brukt.

Eidsvik på Halsnøy: Dette oppankringsområdet er eindel i bruk og er i kommuneplanen til Kvinnherad registrert som «Farled – oppankring». Me ber difor om at dette området vert synleggjort i kartet.

Utover dette har me ingen merknader til dei endringane som er gjort.

Med helsing

Lene Røkke Mathisen
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

Region Kystverket Vest

Sentral postadresse:	Kystverket Postboks 1502 6025 ÅLESUND	Telefon:	+47 07847	Internett:	www.kystverket.no
				E-post:	post@kystverket.no
For besøksadresse se	www.kystverket.no	Bankgiro:	7694 05 06766	Org.nr.:	NO 874 783 242

Vi ser om at brev, sakskorrespondanse og e-post vert adressert til Kystverket, ikkje til avdeling eller enkeltperson

